



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
156/19	Formannskapet	19.11.2019
128/19	Kommunestyret	21.11.2019

Fosnavåg hamn - kommunal forskotering

Samandrag:

Herøy kommune har teke initiativ til kommunal forskotering av Fosnavåg hamn. Dette er ei sak det har vore jobba med sidan 2010 og den 17. juni 2019 fekk kommunen lovnad om forskotering på kr 108,5 million. Kommunen tek ein stor økonomisk risiko med dette prosjektet og det er viktig at kommunestyret tek stilling til dette, før avtale med departement blir inngått – fristen for å inngå ein slik avtale med departementet er no sett til den 29. november 2019.

Kommunestyret 21.11.2019:

Behandling:

Ridhard Klungsøyr Gjerde (Krf) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i Herøy båtlag som er grunneigar i Nørvåg. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Richard Klungsøyr Gjerde vart kjend inhabil mot 5 røyster etter KL §40 Fvl §6 e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

K- 128/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å inngå forskoteringsavtale med departementet for Fosnavåg hamn i samsvar med vedlagt avtale; kostnadsoverslag og framdriftsplan, men med nytt punkt 5 i avtalen, som skal lyde:

«Herøy kommune kan tre ut av avtalen såfremt det ikke foreligger forpliktende grunnervervsavtaler med aktuelle grunneiere som berøres på et nivå som kommunen finner riktig, og momskompensasjon er en forutsetning. Frist for slike avklaringer er satt til 1. juli 2020.»

Avtalen, kostnadsoverslaget og framdriftsplanen er å sjå på som ein del av dette vedtaket.

Formannskapet 19.11.2019:

Behandling:

Linn Therese Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med ein grunneigar i området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl §6 b.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Andreas Nørve møtte og orienterte i saka.

Camilla Storøy (Krf) kom med framlegg om slik endring av pkt. 5 i avtalen:
"... et nivå som kommunen finner riktig, og momskompensasjon er en forutsetning.
Frist for"

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå Camilla Storøy (Krf) vart samrøystes vedteken.

F- 156/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å inngå forskoteringsavtale med departementet for Fosnavåg hamn i samsvar med vedlagt avtale; kostnadsoverslag og framdriftsplan, men med nytt punkt 5 i avtalen, som skal lyde:

«Herøy kommune kan tre ut av avtalen såfremt det ikke foreligger forpliktende grunnervsavtaler med aktuelle grunneiere som berøres på et nivå som kommunen finner riktig, og momskompensasjon er en forutsetning. Frist for slike avklaringer er satt til 1. juli 2020.»

Avtalen, kostnadsoverslaget og framdriftsplanen er å sjå på som ein del av dette vedtaket.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å inngå forskoteringsavtale med departementet for Fosnavåg hamn i samsvar med vedlagt avtale; kostnadsoverslag og framdriftsplan, men med nytt punkt 5 i avtalen, som skal lyde:

«Herøy kommune kan tre ut av avtalen såfremt det ikke foreligger forpliktende grunnervsavtaler med aktuelle grunneiere som berøres på et nivå som kommunen finner riktig. Frist for slike avklaringer er satt til 1. juli 2020.»

Avtalen, kostnadsoverslaget og framdriftsplanen er å sjå på som ein del av dette vedtaket.

Vedlegg:

Kommunestyresaka 310119

avtale forskuttering Herøy kommune_Fosnavåg fiskerihavn (002)

Revidert kostnadsoverslag Fosnavåg fiskerihavn

Saksopplysningar:

Saka om utdjuving av Fosnavåg hamn har ein lang historikk, og starta allereie i 2010 med undersøkingar av Norge Geoteknisk institutt (NGI)

Herøy kommune tok i 2013 initiativ til forskotering av Fosnavåg hamn med vedtak i formannskapet 14. mai 2013, der følgjande saksgrunnlag vart lagt til grunn:

«I Nasjonal transportplan (NTP) er utdjuving av Fosnavåg hamn gitt prioritet, ved at det er sett av 50 millionar kroner. Ei utdjuving skal gjere det mogleg for større båtar å anløpe og nytte dei fasilitetar som eksisterer i hamna. Hamna har stor aktivitet og har dei fleste funksjonar innan eit totalt fiskerihamntilbod.»

Kystverket har arbeidd med saka i perioden 2012-2018 og kommunestyret vedtok følgjande i møte den 31. januar 2019:

«Herøy kommunestyre godkjenner forprosjektet og ber vidare om at administrasjonen held fram med arbeidet med å legge til rette for eit samla deponi på indre hamn. I det vidare arbeidet vil det og vere naturleg å sjå nærare på ei detaljprosjektering (hovudprosjekt), men først når ein finansieringsmodell kan leggest fram for kommunestyret.

Ein finansieringsmodell skal handsamast og godkjennast av Herøy kommunestyre.»

I kommunestyresaka den 31. januar 2019 var det gitt følgjande samandrag:

«Forprosjektet er fullført av Herøy kommune etter at Kystverket la ned arbeidet vinteren 2018. Slutføringa baserer seg på den kunnskapen som har vore tilgjengeleg gjennom Kystverket sine konsulentar frå perioden 2010-2018.»

Saka vart igjen aktualisert den 17. juni 2019, då regjeringa vedtok å utvida ramma for forskotering for mellom anna fiskerihamner, der det blir sitert følgjande frå pressemeldinga:

«– Å bygge ut hamner er bra for verdiskaping langs kysten. No får Kamøyvær, Engenes og Fosnavåg fiskerihamner forskoteringsmidlar som gjer at dei kan byggast ut tidligare enn venta. Dette er gode prosjekt som er viktig for næringsliv og folk på dei tre plassane, seier samferdselsminister Jon Georg Dale.

Forskoteringsordninga gjeld fiskerihamne- og farleistiltak som ligg inne i Nasjonal transportplan 2018-2029, og inneber at kommunar kan forskotere eit prosjekt mot tilbakebetaling frå staten på eit seinare tidspunkt.»

Kommunen tok kontakt med Kystverket 20. august 2019 for oppfølging av saka, med fekk svar om at Kystverket venta på ei bestilling frå departementet for vidare oppfølging. Deretter tok vi kontakt med departementet den 22. august 2019 og fekk til svar at «bestilling

[ville] sendes Kystverket i nær framtid».

Den 17. september 2019 vart vi kontakta av Kystverket, der vi avtalte videomøte den 24. september 2019. På videomøtet vart kommunen presentert for avtalen for forskotering; samstundes med ei bestilling til kommunen om å oppdatere kostnadsoverslaget og at kommunen måtte utarbeide ein framdriftsplan for prosjektet. Kystverket sette fristen til 20. oktober 2019 for å kome til semje om avtalen; nytt kostnadsoverslag og ein framdriftsplan.

Kommunen bestilte eit oppdrag med Multiconsult AS for å få eit oppdatert kostnadsoverslag og vi mottok dette den 25. oktober 2019. Kostnadsoverslaget er no justert i høve til det som ligg inne i Nasjonal Transportplan. Det som kommunen ikkje får leggje inn i prosjektet, og som vi må ta ut, er etablering av kai-anlegg.

Fristen var kort og for å kunne sikre ein realistisk framdriftsplan, måtte vi parallelt ha dialogmøte med sentrale grunneigarar i Fosnavåg hamn – dette som oppfølging av tidlegare grunneigarmøte som var gjennomført i perioden 2016-2018. Kommunen fekk i desse møta tilbakemeldingar om at fristen for grunneigaravklaringar var for kort, samt bekymring for at stipulert anleggsperiode på 18-24 månadar var for lang. Dette tok vi omsyn til når vi i samarbeid med Multiconsult AS utarbeidde framdriftsplanen, som skal vere punkt 4 i avtalen, og som her blir sitert:

«Basert på samtaler med oppdragsgivers representanter lages følgende generelle fremdriftsplan med milepeler:

Justering av reguleringsplan:	Innsending ultimo 2019
Grunneieravtaler:	1. kvartal 2020
Godkjent reguleringsplan deponi alternativ 2:	1. halvår 2020
Utarbeidelse søknad fylkesmann, evt andre ¹ :	2. kvartal 2020
Detaljprosjektering ¹	2. kvartal 2020
Utarbeidelse av anbudsgrunnlag ¹ :	3. kvartal 2020
Søknad om rammetillatelse ¹ :	3. kvartal 2020
Tilbudsfrist ² :	November 2020
Evaluering og tildeling ² :	Desember 2020
Kontrahering ² :	Januar 2021
Søknad om IG ² :	Januar 2021
Oppstart*:	2. kvartal 2021
Avslutning av anlegg (18 – 24 mnd anleggstid) ²	2. kvartal 2023

1 Forutsetter at grunneieravtaler er på plass med grunneiere berørt av deponi plasseringen

2 Forutsetter at det foreligger godkjent reguleringsplan og at fylkesmannen og eventuelt andre instanser har gitt løyve til tiltak.»

Det sentrale punktet i avtalen er likevel reguleringa i punkt 2 om ansvarsforhold, der all risiko ligg til Herøy kommune:

«Ferdigstilling av prosjektering og gjennomføring av utbygging forutsettes gjennomført i regi av Herøy kommune. Herøy kommune er fullt ut ansvarlig for at anskaffelser og gjennomføring skjer i henhold til gjeldende lover og regler, herunder regelverk for offentlige anskaffelser, statsstøtteregelverket, merverdiavgiftsregler, tillatelse etter forurensningsloven, tillatelse etter havne- og farvannsloven, regler etter plan- og bygningsloven.

Samferdselsdepartementet og Kystverket kan ikke holdes økonomisk ansvarlig som følge av eventuelle mangler/avvik ved gjennomføringen.»

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen finn ikkje at det er formålstenleg å utgreie denne saka ytterlegare, då det ikkje er mogleg å skaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for risikovurderinga.

I avtalen som er framlagt, er det er kommunen som tek all risiko, og risikoen blir av rådmannen vurdert til å vere veldig høg. Dersom deponiet blir for stort, må vi køyre til masse for tildekking av deponiet. Dersom deponiet blir for lite så må vi køyre vekk spesialavfall til handtering.

Om deponiet blir for stort eller for lite, er avhengig av kor mykje setning det blir på deponiet, og dette får vi ikkje kunnskap om før deponiet er etablert.

Rådmannen vil òg vise til at berre den generelle prisauken frå juni 2019 til juni 2020 vil vere på meir enn kr 3 million, dersom vi legg til grunn ein prisauke på 3 %. I tillegg må kommunen ta rentebelastninga fram til staten betaler tilbake forskoteringa og vi kan risikere å måtte vente til 2029, noko som årleg vil utgjere kr 2,5 million, og då rekna frå 2021 eller 2022.

Kommunen må vidare få til nødvendige grunneigaravklaringar på eit nivå som kommunen kan akseptere. Dette blir vurdert som viktig og vi har difor sendt inn forslag til Kystverket om eit nytt punkt 5, som departementet må vurdere:

«Herøy kommune kan tre ut av avtalen såfremt det ikke foreligger forpliktende grunnervervsavtaler med aktuelle grunneiere som berøres på et nivå som kommunen finner riktig. Frist for slike avklaringer er satt til 1. juli 2020.»

Rådmannen vurderer at risikoen er så høg, at det er kommunestyret som må ta denne. Saka blir lagt fram til ny handsaming for kommunestyret våren 2020 etter at resultatet av grunneigaravklaringane er gjennomført.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjente
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende
Miljøkonsekvensar: Miljøoppyrdding i Fosnavåg hamn
Økonomiske konsekvensar: Vil ha store
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingne kjende
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann